

Hadde topplaget i kne...

13.06.2008



Den gode keeperen Katrine Y. Røssland og tomålsscorar Ingebjørg Haugland kan vera godt fornøgd etter kampen. (Foto: Thor inge Døssland)

Onsdag kveld var det duka for lokaloppgjør på den nye kunstgrasbanen i Rosendal då lillejentene (f. 96) til Uskedalen og Rosendal møttest til kamp. Rosendalslaget har hatt ein kanonstart på sesongen. Dei har gått frå siger til siger så langt, og dei står utan tap til no. Onsdag kveld sat sigeren langt inne. Uskedalsjentene gav dei god og jamnbyrdig motstand

Kampen starta i høgt tempo. Om det var god EM-fotball i TV-ruta eller den flotte, nye kunstgrasbanen som inspirerte dei to laga, skal vera usagt. Ut over i opningsomgangen serverte dei to laga god fotballunderhaldning til publikum. Jentene viste særslig god innsats, spelet bølgja fram og tilbake, og begge lag spela seg til gode sjansar. Godt keeper- og forsvarsspel var grunnen til at måla let venta på seg. Om lag fem minutt før pause fekk Uskedalen endeleg hol på byllen; den målfarlege spissen Ingebjørg Haugland sette inn leiarmålet, og dermed kunne gjestene gå til pause med ei fortent, men litt overraskande 1-0-leiring.

Rosendal fekk flying start på andre omgang. Dei gjekk mest rett frå avspark og opp og utlikna. Då Uskedalen sin gode keeper, Katrine Y. Røssland, som hadde stått som ein levande vegg, måtte gå ut med skade kort tid etterpå, kunne det sjå vanskeleg ut for gjestelaget. Utespilleren Karoline I. Amundsen gjekk i mål. Ho fulgte opp det gode keeperspelet, og saman med forsvaret gjorde ho det vanskeleg for Rosendalsjentene å koma til scoring.

Ut over i omgangen fekk Rosendal to mål, medan Ingebjørg Haugland kvitterte med eitt for våre jenter. Dermed enda kampen med 3-2-siger til dei sigersvante Rosendalsjentene.

Uskedalsjentene skal vera stolte av innsatsen sin i denne kampen. Alle spelarane på laget gjorde ein flott jobb så dette var ein "lagsiger". I følgje eit fornøgd trenarteam leverte dei årsbeste.

Desse jentene spela denne kampen: Katrine Y. Røssland, Marit I. Sture, Marthe Dagestad, Karoline I. Amundsen, Ingebjørg Haugland, Anne Marthe G. Zimmer, Kari Bråtun, Maren Bjørnebøle, Amalie H. Røstbø og Rebecca Hauge.

No vert det vanleg trening på Heio komande veke før jentene tar ein velfortent sommarferie der ein del av jentene mellom anna skal vera med på fotballskule. Haustsesongen vert innleia med at laget deltar i Husnes Cup første helga etter skulestart.

Av Thor Inge Døssland